

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-049, TI-&13  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 28.05.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	06.06.2023
088/23	Alver kommunestyre	22.06.2023

## Høyringsvar Alver kommune - utkast til endringar i kulturlova

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre vedtek følgjande høyringsvar:

1. Alver kommune støttar føremålet med revideringa av kulturlova.
2. Alver kommune støttar §1 i lovforslaget, med forankring i Grl. §100, sjettede ledd
3. Alver kommune støttar §2 i lovforslaget, med fastslåing av armlengdsprinsippet, offentlege styresmakters ansvar for positiv tilrettelegging for eit mangfald av kulturverksemd, samt fastslåing av eit skilje mellom ansvaret for styring og rammer på den eine sida, og faglege vurderingar og innhaldsproduksjon på den andre.
4. Alver kommune ser at kulturmiljøområdet bør kunne vere gjenstand for politiske prioriteringar, men meiner at dei konkrete faglege og innhaldsaktige vurderingane på kulturmiljø må omfattast av armlengdsprinsippet, særleg sett i eit kommunalt og lokalt forvaltningsperspektiv der formell mynde ofte ligg hos andre forvaltingsnivå.
5. Alver kommune støtter §4 i lovforslaget, men ønskjer ei sterkare formulering som omfattar kulturplanlegging utover planar som følgjer plan- og bygningslova.

### Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.06.2023:

#### Handsaming:

Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur orienterte og svara på spørsmål i saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### OKK- 033/23 Vedtak:

##### Innstilling i OKK - 06.06.2023:

Alver kommunestyre vedtek følgjande høyringsvar:

1. Alver kommune støttar føremålet med revideringa av kulturlova.
2. Alver kommune støttar §1 i lovforslaget, med forankring i Grl. §100, sjettede ledd
3. Alver kommune støttar §2 i lovforslaget, med fastslåing av armlengdsprinsippet, offentlege styresmakters ansvar for positiv tilrettelegging for eit mangfald av kulturverksemd, samt fastslåing av eit skilje mellom

ansvaret for styring og rammer på den eine sida, og faglege vurderingar og innhaldsproduksjon på den andre.

4. Alver kommune ser at kulturmiljøområdet bør kunne vere gjenstand for politiske prioriteringar, men meiner at dei konkrete faglege og innhaldsaktige vurderingane på kulturmiljø må omfattast av armlengdsprinsippet, særleg sett i eit kommunalt og lokalt forvaltningsperspektiv der formell mynde ofte ligg hos andre forvaltningsnivå.

5. Alver kommune støtter §4 i lovforslaget, men ønskjer ei sterkare formulering som omfattar kulturplanlegging utover planar som følgjer plan- og bygningslova.

### **Alver kommunestyre 22.06.2023:**

#### **Handsaming:**

Innstillinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

#### **KO- 088/23 Vedtak:**

Alver kommunestyre vedtek følgjande høyringssvar:

1. Alver kommune støttar føremålet med revideringa av kulturlova.
2. Alver kommune støttar §1 i lovforslaget, med forankring i Grl. §100, sjetle ledd
3. Alver kommune støttar §2 i lovforslaget, med fastslåing av armlengdsprinsippet, offentlege styresmakters ansvar for positiv tilrettelegging for eit mangfald av kulturverksemd, samt fastslåing av eit skilje mellom ansvaret for styring og rammer på den eine sida, og faglege vurderingar og innhaldsproduksjon på den andre.
4. Alver kommune ser at kulturmiljøområdet bør kunne vere gjenstand for politiske prioriteringar, men meiner at dei konkrete faglege og innhaldsaktige vurderingane på kulturmiljø må omfattast av armlengdsprinsippet, særleg sett i eit kommunalt og lokalt forvaltningsperspektiv der formell mynde ofte ligg hos andre forvaltningsnivå.
5. Alver kommune støtter §4 i lovforslaget, men ønskjer ei sterkare formulering som omfattar kulturplanlegging utover planar som følgjer plan- og bygningslova.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### **Saka gjeld**

Kultur- og likestillingsdepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i lov 29.06.2007, om offentlege styresmaktars ansvar for kulturverksemd (kulturlova).

Departementet føreslår tre endringar:

1. Eit presisert føremål, som forankrar styresmaktene sitt ansvar på kulturfeltet i *infrastrukturkravet*, jf. Grl. §100, sjetle ledd.
2. Ei todelt lovfesting av armlengdsprinsippet, i formålsparagrafen og eit nytt føresegn som vil gjelde der konkrete avgjersler i hovudsak skal fattast på bakgrunn av kunstnarleg eller kulturfagleg skjøn.
3. Eit føresegn om kommunal og fylkeskommunal planlegging på kulturfeltet.

Frist for å sende inn høyringsvar er 30.06.2023.

## Saksopplysningar

### Bakgrunn:

*Kulturlova* vart vedtatt i 2007, og omhandlar offentlege styresmaktars rolle for kulturområdet. Alver kommune tek utgangspunkt i lova når det gjeld eigen kulturverksemd, tenesteyting, og samarbeid med kulturaktørane lokalt. *Kulturlova* er frå før eit viktig utgangspunkt for Alver kommune si planlegging innan kulturområdet.

Lova har i dag eit formål om å *fastleggja offentlege styresmaktens ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk* (§1).

Kommunane skal etter lova *syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar å leggje til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt* (§4)

Vidare skal kommunane *sørgje for at kulturlivet har føreseielege utviklingsvilkår [...] fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar, og å sørgje for at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak* (§5).

*Kulturlova* gir slik tydelege oppdrag til kommunane, men har vore gjenstand for debatt for å ikkje vere tydeleg nok som lovpålegging av oppgåver og som styringsverktøy.

Med bakgrunn i kulturmeldinga *Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida*. Meld. St. 8 (2018-19), og i Stortingets innstilling: Innst. 258 S (2018-19), vart det etablert at regjeringa skulle gå gjennom *kulturlova*.

Målet er å etablere *kulturlova* som eit tydelegare styringsverktøy, som skildrar oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom forvaltingsnivåa, og som reflekterer nasjonale mål for kulturen. Vidare skal ein vurdere lovfesting av armlengdsprinsippet

### **Vurdering:**

Lovendringane i høyringsutkastet følgjer under, med vurdering.

#### **§ 1 skal lyde:**

##### **§ 1 Føremål**

*Lova skal leggja til rette for ei open og opplyst offentleg samtale gjennom å fastleggja offentlege styresmaktens ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd i tråd med prinsippet om armlengds avstand, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.*

##### Vurdering:

Føremålet med endringa er å tydeleggjere at offentleg politikk og verkemidlar på kulturområdet er ein viktig del av styresmaktene si oppgåve og innsats for å leggje til rette for yringsfridom, og open og opplyst samtale.

Endringa er knytt til GrL §100, 6. ledd, og det såkalla *intrastrukturkravet*. Dette kravet omhandlar at styresmaktene ikkje berre passivt skal avstå frå inngrep i yringsfridomen, men aktivt leggje til rette for kanalar og institusjonar, og for ein open og opplyst offentleg samtale. Staten har i Grunnlova eit ansvar for oppbygginga av det offentlege rom.

Kunst og kulturuttrykk er yringar, og arenaar og institusjonar som bibliotek, galleri, museum og scener legg til rette for idear, debatt, samtale og nettopp yringar. Lov om folkebibliotek har sidan 2012 hatt formål om liknande perspektiv.

Endringa gjeld først og fremst forplikingar til demokrati og yringsfridom, og ikkje rettar til finansiering eller

konkrete løyvingar. Formålsparagrafen vil vere ei rettesnor om at kulturpolitikken omhandlar sentrale demokratiske verdiar, i tillegg til fritidsaktivitetar, underhaldning eller estetiske kvalitetar.

Formålet pålegg kommunane å sikre at yringsfridomen har gode tilhøve lokalt, ved å aktivt sikre møteplassar og arenaar som del av infrastrukturen, og at kulturlivet har finansielle høve til å faktisk vere aktive partar. Dersom det offentlege rom ikkje fungerer, må kommunane aktivt legge til rette for utvikling.

Kommunedirektøren vurderer at koplinga mellom ny kulturlov og allereie eksisterande krav i Grunnlova er naturleg, og tydeleggjer kulturens avgjerande del av yringsfridom og demokrati. Folkebiblioteka har sidan 2012 hatt liknande formål, og det er naturleg at det vert gjort ei lovmessig presisering av desse perspektiva gjeldande større delar av kulturfeltet.

**Ny § 2 a skal lyde:**

*§ 2a Prinsippet om armlengds avstand*

*Avgjerder som i hovudsak er baserte på kunstnerisk eller kulturfagleg skjønn, skal treffast av personar eller verksemdar med relevant fagkompetanse. Politiske styresmakter kan ikkje overprøva eller instruera om innhaldet i slike avgjerder. Dette er ikkje til hinder for overordna styring gjennom økonomiske og juridiske rammer og generelle mål.*

*Første ledd gjeld ikkje avgjerder basert på kulturmiljøfagleg skjønn, inkludert avgjerder om tildeling av tilskot til tiltak knytta til kulturmiljø, eller til ivaretaking av tradisjonshandverk når tilskotet har samanheng med slike tiltak.*

Vurdering:

Prinsippet om avstand mellom politisk avgjerdestakar og faglege vurderingar innan kunst og kultur er ikkje lovfesta. Nasjonale forventingar til offentleg planlegging legg opp til at kommunane skal legge til rette for eit fritt og uavhengig kulturliv. Bakgrunnen for dette er mellom anna at kulturen må utviklast sjølvstendig og at styresmaktene ikkje må gripe inn i kunstnariske val, som dermed ville kunne påverke yringsfridomen og tilhøva for eit levande demokrati. Det har i lovarbeidet vore usemje om lovfestinga av armlengds avstand, sidan ein kan argumentere at prinsippet følgjer av Grunnlova. Dagens kulturlov impliserer dette.

Oppfatninga av at staten og styresmaktene bidrar til å oppretthalde demokratiet ved å vere med å finansiere kunst og kultur er ikkje ny, og det er ein normal grunnregel at politiske organ ikkje skal gripe inn. Likevel kan styresmaktene ha varierende forventingar til kva samfunnsoppdrag kulturen skal ta, og det er ikkje ein motsetnad at det generelt eksisterer forventingar til kulturen som samfunnsaktør.

Ansvar for å legge til rette for yringsfridom, demokrati og ein open og opplyst samtale kan for kulturområdet sjåast i to delar: (1) på den ein sida skal styresmaktene ha eit ansvar for positiv tilrettelegging av eit mangfald av kulturverksemd, og (2) på den andre sida skal ein sikre kunstnarleg fridom for innhaldsproduserande kulturaktørar og armlengds avstand i forvaltninga av kulturpolitiske verkemiddel.

Departementet viser til at det er innhaldet som skal ha armlengds avstand, mens rammene kan framleis ha med politiske forventingar: t.d. retningslinjer for tilskot, og prioriteringar av universell utforming og inkludering. Forventingar til konkrete arrangement, t.d. eit jubileum, ligg nærmare grensa, men kan vere akseptabelt så lenge det konkrete innhaldet vert avgjort av eit fagleg skjøn, t.d. på kva for kunstnariske verk som skal visast, samtaletema, deltakarar, perspektiv som skal ha fokus og liknande. Og ha forventingar til desse punkta vil vere over grensa.

I Alver kommune vert tilskotsordningar til lag og organisasjonar, og prosjektmidlar til produksjon og framvisning, avgjort etter politisk handsaming, delegert til utval for oppvekst, kunnskap og kultur. Det same gjeld etablerings- og arbeidsstipend. Handsaminga baserer seg på ei fagleg vurdering før tildeling.

Priskomitear til kultur- og frivilligheita har politisk deltaking. Den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken har ein samansett komite med kunst- og kulturfagleg kompetanse, brukarar, samarbeidspartar og representantar frå både lovpålagde og samarbeidande råd. Kommunedirektøren vurderer at ein må ta ein enkel gjennomgang av tildelingsmetodikken.

Eigarskap til kulturinstitusjonar og liknande vert ikkje vurdert til å vere ei problemstilling for Alver kommune, men kulturlova vil treffe kommunal kulturdrift- og tenester. Omfanget av armlengdsprinsippet vil gjelde breitt, med formuleringa *kunstarleg og fagleg*, og vil dekke mange ulike situasjonar.

Kulturarv, som museum, utstillingar, arkiv og liknande er omfatta av kulturlova og armlengdsprinsippet. Prinsippet vil etter forslaget ha unntak for kulturmiljøsaker konkret, som departementet vurderer å ligge noko utanfor kulturlova sitt verkeområde. Sjølv om kulturmiljøfaglege vurderingar vert gjort av fagleg kompetanse, vil desse i ein del tilfelle stå opp mot andre viktige samfunnsinteresser, som bør ha politisk heilskapleg prioritering.

Kommunedirektøren vurderer at lovfesting av armlengds avstand er naturleg, som oppfølging av offentlege styresmakters eksisterande rolle, og for å danne grenser mellom politiske avgjersler og kunstarlege og faglege vurderingar. Kommunedirektøren støttar at kulturmiljøområdet må kunne prøvast opp mot heilskaplege perspektiv.

Likevel er det svært viktig at kulturmiljøfaglege vurderingar i seg sjølv ikkje vert påverka av politiske forventingar, og departementet bør vurdere om unntaket i føreslått §2 bør justerast. Særleg er dette viktig frå eit kommunalt perspektiv, der formell mynde ofte ligg hos andre forvaltningsnivå.

#### **§ 4 skal lyde:**

##### *§ 4 Fylkeskommunens og kommunens oppgåver*

*Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt.*

*Fylkeskommunen og kommunen skal ha oversikt over status og utviklingsbehov på kulturfeltet. Oversikta skal vere skriftleg. Fylkeskommunen og kommunen skal i arbeidet sitt med planar etter plan- og bygningslova kapittel 8 og 11 fastsetja overordna mål og strategiar for kulturfeltet. Måla og strategiane bør vere eigna til å møte dei utfordringane fylkeskommunen og kommunen står overfor med utgangspunkt i oversikten nevnt i første punktum.*

#### Vurdering:

Utkastet legg fram ei tydeleggjering av kommunanes oppgåve for å legge rammer for lokal kultur, ytringar og samfunnsliv, ved å setje krav om planlegging for kulturfeltet, og krevje at ein skal ha oversikt over status og utviklingsbehov.

Kulturområdet er i Alver kommune sin kommuneplan ein av fire hovudsatsingar. Gjennom kommunedelplanarbeidet for kultur, idrett og friluftsliv detaljerast dette ytterlegare.

Kommunedirektøren ser det som naturleg å støtte lovfesting av kulturplanlegging i kommunane, knytt opp mot plan- og bygningslova. Dette vil nettopp gjelde kommuneplanens samfunnsdel og om naudsynt eigne kommunedelplanar.

Krav om oversikt over status og behov i kommunane er ei naturleg oppfølging av dette. Sjølv om planlegging etter plan- og bygningslova vil følgje sistnemnde lov sine krav, vert det gjort anna viktig kulturplanlegging i kommunane, til dømes gjennom temaplanar og strategiar. Kulturområdet har godt av auka fokus på heilskapleg statistikk og objektive vurderingar. Kommunedirektøren støttar utkastet òg på dette punktet.

#### **Økonomiske konsekvensar**

Departementet vurderer at lovendringa ikkje har økonomiske eller administrative konsekvensar.

Kommunedirektøren vurderer at det må gjerast ein enkel gjennomgang av tilskotshandsaminga for å sjå behov for endringar. Planprosessar for kultur i Alver er allereie prioritert og i siste fase.

#### **Kommunedirektøren si tilråding**

Kommunedirektøren tilrår å høyringssvar med følgjande vedtaktspunkt:

1. Alver kommune støttar føremålet med revideringa av kulturlova.
2. Alver kommune støttar §1 i lovforslaget, med forankring i Grl. §100, sjette ledd
3. Alver kommune støttar §2 i lovforslaget, med fastslåing av armlengdsprinsippet, offentlege styresmakters ansvar for positiv tilrettelegging for eit mangfald av kulturverksemd, samt fastslåing av eit skilje mellom ansvaret for styring og rammer på den eine sida, og faglege vurderingar og innhaldsproduksjon på den andre.
4. Alver kommune ser at kulturmiljøområdet bør kunne vere gjenstand for politiske prioriteringar, men meiner at dei konkrete faglege og innhaldsaktige vurderingane på kulturmiljø må omfattast av armlengdsprinsippet, særleg sett i eit kommunalt og lokalt forvaltningsperspektiv der formell mynde ofte ligg hos andre forvaltingsnivå
5. Alver kommune støtter §4 i lovforslaget, men ønskjer ei sterkare formulering som omfattar planlegging utover planar etter plan- og bygningslova.